



Arne Hosøy
Myrdalsvegen 10 F
5130 NYBORG

Referanser:
Dykkar:
Vår: 18/176 - 18/27921

Saksbehandlar:
Ingrid Bjørge Pedersen
Ingrid.Bjorge.Pedersen@lindas.kommune.no

Dato:
12.09.2018

Avslag på søknad om gebyrreduksjon for handsaming av småbåthavn - gbnr 11/135 Hølleland- Hosøy

Administrativt vedtak:
Saknr:
Tiltakshavar:
Ansvarleg søkjar:

Saksutgreiing:

Saka gjeld søknad om redusert gebyr i samband med handsaming av søknad om første byggjetrinn av småbåthamn på Hosøy søknad om gebyrreduksjon motteke her den 07.08.2018.

Det vart gjeve løyve til byggjetrinn 1 for småbåthamn i vedtak datert 20.03.2018. I samsvar med Lindås kommune sin gebyrforskrift for 2018 vart det sendt ut gebyr på kr. 65.785,-. Gebyret for kaianlegg og arealtillegg går fram av punkt 10.2.4 i gebyrforskrifta.

I søknad om redusert gebyr står det:

«Har fått melding frå tiltakshavar ved Arne Hosøy om å formelt klaga på dykkar vedtak om ikkje å gje gebyrreduksjon for lang handsamingstid på søknaden med 3 vekers svarfrist.

Søknad vart sendt kommunen 22.01.2018.

På denne saka gjekk det 8 veker og 1 dag frå kommunen mottok søknaden til positivt vedtak vart gjort og sendt søkjar 09.03.2018.

Det er riktig som det er skrive i dykkar vedtak at gebyrreduksjon etter Sak §10-6 gjeld søknader med 12 vekers handsamingsfrist.

Det som gjer at tiltakshavar i denne saka med 3 vekers frist ynskjer tilsvarende reduksjon som for ei sak med 12 vekers frist er at sakshandsamar etter purring på vedtak første gang den 22.01.2018 opplyser på telefon og i e-post datert 09.03.2018, sitat: «Det blir da opplyst om at løyve i saken ikkje er gitt da saken omkring spylevann ikkje er avklart. Slik at alt arbeid er på egen risiko som opplyst per tlf.» sitat slutt. Her står det at løyve ikkje er gitt.

Sjølv om det i pbl § 21-7 står at om ikkje svar er motteke innan 3 veker skal løyve reknast som gjeve, medførte dette at føretak med ansvarsrett ikkje ville setja i gang arbeida «på egen risiko» og det vart ikkje oppstart før løyve vart gjeve 20.03.2018.



Tiltakshavar ber om gebyrreduksjon tilsvarande reduksjon for overskriding av fristen på 12 veker etter Sak 10 §7-6. Gebyr skal etter denne forskrift reduserast med 25% av det totale gebyret for kvar veke fristen er overskriden.»

Vurdering:

Gebyret som er gjeve i saka er gjeve med heimel i gebyr- og betalingssatsane som gjeld for Lindås kommune. Gebyrforskrifta er vedtatt av kommunestyret 14.12.2017 for Lindås kommune for 2018.

I gebyrforskrifta punkt 4.9 står det:

«Når særlege grunnar ligg føre kan det søkjast om redusert gebyr. Søknad om redusert gebyr skal være grunngejeven. Personlege og/eller sosiale tilhøve vert ikkje rekna som særleg grunn. Når kommunen sitt arbeid med ein sak avviker vesentleg frå gjennomsnittleg sakshandsamingstid for sakstypen kan kommunen av eige initiativ redusere gebyret. Fastsetting av redusert gebyret skal skje ved enkeltvedtak.»

Ordlyden særlege grunnar tilseier at det må liggja føre grunnar som gjer seg særskilt gjeldande i denne saka og at det ikkje er grunnar som normalt kan leggjast til grunn i tilsvarande saker.

Søknaden i denne saka vart sendt inn som ei 3 veker sak, og vart av kommunen handsama etter 8 veker og 1 dag.

Vi syner til beregning av tidsfrister i plan- og bygningslova § 21-7 2.ledd *«Søknad om tillatelse til tiltak som omfattes av § 20-3 der tiltaket er i samsvar med bestemmelser gitt i eller i medhold av denne lov, der det ikke foreligger merknader fra naboer eller gjenboere, og ytterligere tillatelse, samtykke eller uttalelse fra annen myndighet ikke er nødvendig, skal avgjøres av kommunen innen 3 uker. Dersom kommunen ikke har avgjort søknaden innen fristens utløp, regnes tillatelse som gitt.»*

Vidare syner vi til SAK10 § 7-6 *«Dersom kommunen oversitter fristen på 12 uker til å behandle byggesøknader og søknad som kun gjelder dispensasjon, må den tilbakebetale tiltakshaver 25 % av det totale byggesaksgebyret for hver påbegynte uke fristen overskrides. Dette følger av byggesaksforskriften § 7-4 bokstav a og plan- og bygningsloven § 21-7 første og fjerde ledd.»*

Vi viser vidare til pbl § 21-7 fyste ledd *«Søknad om tillatelse etter § 20-2 skal avgjøres av kommunene innen tolv uker etter at fullstendig søknad foreligger, med mindre annet følger av andre eller tredje ledd. For søknad om rammetillatelse gjelder ikke andre og tredje ledd. Ved overskridelse av fristen skal kommunen tilbakebetale byggesaksgebyret etter nærmere bestemmelser i forskrift, jf. § 21-8 tredje ledd.»*

Vi syner vidare til opplysning i vårt brev datert 13.06.18 der konsekvensar for fristoverskridelse er synleggjort. *«Det opnast difor ikkje opp for gebyrreduksjon ved oversitting av 3 vekers fristen. Verknaden av at fristen på 3 veker vert overskriden, er at vedtak vert rekna som gitt.»*

Det har ikkje vore knytt rettsleg eller faktisk tvil til å fastslå kva gebyr som skal betalast i saka og det er ikkje utøvd skjønnsmessige vurderingar i samband med gebyrfastsetjinga. Kommunen kan ikkje sjå at grunngevinga i søknaden gjev grunnlag for redusert gebyr. Det er ingen spesielle forhold i denne saka som skil den frå andre saker med same søknadstype. Det vil undergrava gebyrregulativet dersom gebyr vert redusert i einskildsaker der grunngevinga for reduksjonen også vil kunne gjera seg gjeldande i andre saker.

Administrasjonen har ikkje funnet grunnlag for å gje gebyrreduksjon i denne saka. På bakgrunn av vurderinga over med gjeldande reglar for sakshandsaminsfristar etter plan- og bygningslova vert det gjeve avslag på søknad om gebyrreduksjon.

VEDTAK:

Det ligg ikkje føre særlege grunnar for å redusere gebyret, jf. i Lindås kommune si gebyrforskrift punkt 4.9. Søknad om reduksjon av gebyret vert avslått.

Grunngjeving går fram av saksutgreiinga.

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegeringsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 18/176

Med helsing

Siril Sylta
avdelingsleiar

Ingrid Bjørge Pedersen
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Arne Hosøy
Byggmester Bjørn Rune Kvinge AS

Myrdalsvegen 10 F 5130
Kvingebakkevegen 5981
97

NYBORG
MASFJORDNES